



Statens vegvesen

Vestskog SA
Skulegata 11 A
5700 VOSS

Nina Lilleeng

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/46803-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.03.2018

Mellombels løyve – Endra bruk – Fv. 407 – gnr. 81 bnr. 1 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 08.03.2018.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til mellombels endra bruk av avkøyrsla frå fv. 407 til gnr. 81 bnr. 1 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Løyvet gjeld for bruk av tømmerbil i samband med skogsdrift.
2. Løyvet er mellombels og gjeld i perioden 09.03.2018 – 01.05.2018.
3. Avkøyrsla skal utbetrast i samsvar med vedlagte situasjonsplan pkt. 1.
4. Før avkøyrsla vert utbetra skal det lagast ein arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen.
5. Inn- og utkøyring med tømmerbil i avkøyrsla skal skje til / frå Sæbø retning nord.
6. Så snart driftsperioden er over, og seinast 01.05.2018 skal avkøyrsla vere tilbakeført slik ho var utforma før driftsperioden.
7. Så snart driftsperioden er over og avkøyrsla er ferdig tilbakeført, tar de kontakt med Statens vegvesen som skal godkjenne avkøyrsla på ny.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

8. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå.

Det er søkt om å nytte avkøyrsla til tømmerbil i ein avgrensa periode. Avkøyrsla er underdimensjonert for dette formålet, og det er difor søkt om å utbetre avkøyrselepunktet slik at ein kan manøvrere ein tømmerbil i retning Sæbø. Dette medfører at avkøyrsla får ein svært spiss vinkel, og ei uheldig utforming.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi mellombels løyve til endra bruk ein avgrensa periode. Det er eit vilkår at avkøyrsla vert tilbakeført slik den var før omsøkte tiltak. Det er særleg viktig at svingradius vert tilbakeført, mest mogleg opp mot 4 meter i radius. Når avkøyrsla er tilbakeført og driftsperioden er over seinast 01.05.2018 tar de kontakt med Statens vegvesen som skal godkjenne utført arbeid.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla vil krevje arbeidsvarsling. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

Vi gjer også merksam på at fv. 407 har bruksklasse Bk 10 med maks vogntoglengde 19,5 m og maks totalvekt 50 tonn.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan

